
Saksnr: 2020/48808-147
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland,
Eva Kristin Svidal

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, kandidat til utmerking

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Tildeling av kunstnarstipend 2020

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og inkludering vedtek å tildele til saman 17 kunstnarstipend, kvart på kr 40 000, til:

Arne Rygg - visuell kunst
Brynhild Grødeland Winther- visuell kunst
Linda Morell- visuell kunst
Laurie Lax- visuell kunst
Maria Victoria Høvring Høeg- visuell kunst
Åse Ljones - visuell kunst

Jeff Pedersen - scenekunst
Jingy Wang - scenekunst
Karen Eide Bøen - scenekunst

Kjersti Rasmussen - film og litteratur
Lars Svisdal - film og litteratur
Sandra Lillebø - film og litteratur
Thomas Endresen - film og litteratur

Hilde Anine Hasselberg - musikk
Njål Paulsberg - musikk
Snorre Bjerck - musikk
Thea Hjelmeland - musikk

Samandrag

Budsjett 2020:	Til fordeling 680 000 kroner, jf vedtak lyst ut fordelt på 17 kunstnarstipend a 40 000 kroner
Søknadsfrist 2020:	1. juli
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering 21.04.2020, sak 59/20
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på vestlandfylke.no

Ved søknadsfrist var det motteke 138 stipendsøknader. Fordelinga av stipenda mellom dei ulike kunstartane og komiteane er gjort ut frå tal på innkomne søknader.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tildelte kunstnarstipend Sogn og Fjordane og Hordaland 2017 - 2019
- 2 Søkjarliste kunstnarstipend 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune lyste i vår ut 17 kunstnarstipend for 2020.

Kunstnarstipenda skal gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnarlege uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk gjennom td. ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll. Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Vestland fylke kan søkje om desse stipenda.

Gjennom dei gjeldande kulturplanane har Vestland fylkeskommune forplikta seg til å ha ein god kunstpolitikk for det profesjonelle kunstfeltet. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, noko som m.a. inneber å styrke vilkåra for kunstnarane og deira produksjon. Stipenda er viktige for å oppnå dette. Den store søkjarmengda syner eit stort behov for slike midlar.

Dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend. Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane.

Søknadene fordelar seg i 2020 slik på dei ulike kunststartane / fagkomiteane:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design) 45 søknader
- Musikk 33 søknader
- Litteratur og film 36 søknader
- Scenekunst (inkl. dans) 24 søknader

Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke er blitt vurdert av ulike fagkomitear

I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka, deler Vestland fylkeskommune i 2020 ut tre stipend innan folkemusikk- og dans. Tildelinga av desse vart vedteke i møte i KULII 16.september 117/2020.

Arbeidet i fagkomitear

Komiteane skal jf vedteken innretting og kriteria, setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og -institusjonar. Følgjande organisasjonar /institusjonar vart invitert til å utnemne medlemmar til komitear:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, KODE, Sogn og Fjordane kunstmuseum.
- Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune - Seksjon for kulturformidling.
- Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Bergen dansesenter, Teaterfestivalen i Fjaler.
- Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet og Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer)

Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane. Denne breie samansetting meiner fylkesdirektøren er med på å sikre at ulike kunstsyn er representert og at kunstnarar vert vurdert frå ulike ståstader. Desse stipendkomitéane er rådgjevande og skal vurdere og innstille søkjarar. Fylkesdirektøren opplever at arbeidet som vert gjort i komiteane er svært godt, og at søknadane og kunstnarskapa vert grundig gjennomgått og diskutert. Fylkesrådmannen ser både storleiken på komiteane og representasjonen som hensiktsmessig og god. Medlemmane i komiteane kjenner felte sine godt, og utgjør saman ei svært kompetent gruppe.

Fagkomiteane har vurdert og levert innstillingar med inntil 7 søkjarar kvar. Fylkesdirektøren har så ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesdirektøren si vurdering legg stor vekt på fagkomiteane sine innstillingar, og er all hovudsak i samsvar med desse.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Stipend gjev også anerkjenning og merksemd, noko som kan vere særleg verdifullt for ein kunstnar i startfasen. Det skal leggst vekt på den kunstnarlege aktiviteten, kvaliteten og utviklinga til kandidaten. Det blir lagt vekt på korleis søkjar gjennom søknaden presenterer seg sjølv, og korleis ein vil nytte ein stipendperiode til kunstnarleg utvikling/fordjuping/fagleg påfyll.

Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide som kunstnar i alle delar av fylket, og det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga - ut frå søkjarmassen som ligg føre. Det er også eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen. Desse føringane for vurderinga er lagt vekt på i informasjonen til komitémedlemmane, og fylkesdirektøren opplever at dette er grundig teke med i diskusjonane og vurderingane i dei enkelte komiteane. Det har også vore teke omsyn til at innstillingane speglar ulike trendar og sjangrar innafor den enkelte kunststart.

Omtaler av kandidatane

Komiteane har gitt følgjande innstillingar og grunngjevingar av dei enkelte kunstnarane:

VISUELL KUNST (INKL KUNSTHANDVERK):

Arne Rygg arbeider i skjæringspunkt mellom bildekunst, filosofi, språk og rom og utfordrar grenser i spenningsfeltet mellom desse. I stadsensitive ofte temporære arbeid i ulike offentlige samanhengar er han oppteken av ord og tyding og språket si rolle ved å utforske til dømes reklamen og markedet sitt rom eller spørsmål rundt nasjonal identitet.

Stipendet skal nyttast til å arbeide med fordjuping, komande utstillingar, publikasjonar og Nasjonalmuseet si opningsutstilling i 2021.

Brynhild Grødeland Winther bygger opp komplekse og detaljrike totalinstallasjoner bestående av tegning, tekst og foto. Gjennom sine tegneferdigheter maner hun frem et surrealistisk og visuelt slående univers av myter, symbolikk og menneskets relasjon til dyr og natur. Stipendet vil hun bruke til å produsere nye arbeid frem mot kommende utstillinger.

Grødeland Winther har en MA i Kunst fra KMD i 2018

Laurie Lax arbeider med lyd-, performance- og relasjonell kunst. Prosjekta hennar involverer alltid samhandling med andre menneske og ber preg av eit sterkt ønske om inkludering. Kunstnaren meiner at kunst bør gje næring til lokalsamfunnet. Lax tek difor gjerne kunsten ut av det tradisjonelle kunststrommet og inn i andre samanhengar. Tema for prosjekta hennar har mellom anna vore utforsking av kjønn- og klassegrenser og mental helse i ei meir og meir digital verd. Stipendet vil ho nytte til å styrke samanhengen mellom prosjekta sine som kunstnar og produsent, med særskilt fokus på dei fellesskapsbaserte aspekta ved kunstpraksisen.

Lax er utdanna MA i Kunst, Kunsthøgskulen i Bergen 2018.

Linda Morell undersøker og utfordrer grenselandet mellom kropp og skulptur fra et medisinsk, kulturelt og historisk perspektiv. Gjennom sine visuelt slående og presise arbeid fremviser hun en tydelig forståelse og sensitivitet for materialene hun til enhver tid jobber med. Stipendet vil hun bruke til å utvikle nye arbeid fram mot to separatutstillinger i 2021. Morell har en MA i Kunst fra KMD i 2019

Maria Victoria Høvring Høeg f. 12.07.1990 Danmark

Utdannet innenfor billedkunst og scenografi ved institusjoner både i Danmark, Norge og Sverige. Hun avsluttet sin MA i fri kunst ved Akademin Valand, Göteborgs universitet 2019.

Høvring Høeg er bosatt i Bergen og arbeider med en rekke ulike materialer og medier. Tematisk er hun primært opptatt av kropp og materialitet innenfor performance, skulptur og tekstil. Hun fremstår som en undrende, reflektert, bevist, undersøkende, arbeidsom og produktiv ung kunstner som behersker et mangfold av uttrykk. Høeg har levert en svært overbevisende søknad og ønsker å bruke stipendet til utøving av sitt kunstneriske virke. Komiteen ser frem til å følgeprosjektene hennes i årene som kommer.

Åse Ljones (f. 1954) har hovedfag i tekstilt kunsthåndverk fra Bergen Kunsthåndverkskole (1989). Hun har hatt høyt aktivitetsnivå i en årrekke, med mange utstillinger i inn- og utland. Hun broderer for hånd, en svært tidkrevende teknikk, og ofte med store arbeider. Ljones er en tradisjonsbærer, stadig utforskende, og med dyp kunnskap om teknikk og materiale. Møte med natur og mennesker ligger i bunnen for alt hun skaper. Hun jobber ofte i serier, der små endringer kan skape en større helhet. I senere tid har hun laget tredimensjonale verk. Stipendet skal brukes som et arbeidsstipend, der hun vil utforske mulighetene de tredimensjonale formene gir, for å fremheve glansen i broderiene. Det skal også brukes for å få opprettet en hjemmeside.

SCENEKUNST (INKL. DANS)

Jeff Pedersen

Jeff Pedersen er ein ambisiøs og mangfaldig teaterregissør som bur i Stongfjorden i Askvoll kommune. Han har satsa sterkt på utvikle scenekunst-ressursane i Sogn og Fjordane, med særleg fokus på å gi ei scene til nye talent. No ønsker han å utvide blikket til heile det nye storfylket, og skal nytte stipendet til å utvikle arbeidsmåtar og nye samarbeid i fleire nye scenekunstprosjekt: danseframsyninga «Jølster Hotell», teaterframsyninga «Playboy of the western fjords», den musikalske monologen «Wayfaring Stranger» og fysisk teater «Breaking the Waves». Komiteen ser på han som ei viktig drivkraft og ønsker å synleggjere det med dette stipendet

Jingy Wang

Jingy Wang søker kunstnerstipend til å utvikle sitt pågående prosjekt Judge Me med premiere høsten 2021. Det vi merker oss med Wang er et særegent kunstnerskap der hun står i skjæringspunktet mellom kuratering, aktør og fasilitator. Prosjektene til Wang er spennende og samfunnsaktuelle, og kunstnerskapet gir et videre og breiere scenekunsthelt i Bergen og Vestland. Kunstnerskapet til Wang henger tett sammen med prosjektene som er tidkrevende og gjennomarbeidet over en lengre periode. Vi ser derfor at kunstnerstipendet vil gi Wang mulighet til å utvikle prosjektet sitt og samtidig sitt eget kunstneriske virke.

Karen Eide Bøen

Karen Eide Bøen er en koreograf og danser fra Bergen som har vist stor utvikling de siste årene. Hun er en dyptlodgende kunstner med et naivistisk og underfundig uttrykk som baserer seg på bevegelse og tekst. Hun interesserer seg for relasjonen mellom lyd og bevegelse, mellom tanke og kropp, og mellom det å se og å bli sett. Vi ser hennes kunstnerskap som et høyst personlig prosjekt, samtidig som det er påkoblede nasjonale diskurser. Hun arbeider stadig i skiftende konstellasjoner og har en lyttende tilnærming til samarbeidspartnere fra eget og andre kunstfelt. Eide Bøen vil bruke stipendperioden til videre kunstnerisk utvikling som koreograf og utøver i egne prosjekter, og samtidig arbeide med forbedret formidling av eksisterende prosjekter.

FILM OG LITTERATUR:

Kjersti Rasmussen er manusforfatter utdannet ved den danske filmskolen og har siden arbeidet som manusforfatter og manusveileder med base i Bergen. Hun har skrevet både kortfilm- og spillefilmmanus og har gjennom sitt selskap *Handmade Films in Norwegian Woods* flere prosjekter i utvikling. Av tidligere arbeider kan nevnes manus til Varg Veum filmen *Inntil Døden*, *Villmark 2* og nå sist *Tunnelen*. Hun har også regissert kortfilmer bygget på egne manus. Hun er nå i forproduksjon, som regissør, med sin første spillefilm, *Marerittet*, der hun også er manusforfatter. Dette er en skrekkefilm bygget på gammel mytologi og moderne vitenskap. Som genrefilm er det mye teknisk å forholde seg til, særlig er visuelle effekter, produksjonsdesign og foto viktig i denne filmen. Rasmussen ønsker å fordype seg i det visuelle forarbeidet og vil bruke stipendet til dette.

Lars Svisdal

Han er utdanna innen litteraturvitenskap, engelsk og nordisk språk og litteratur, og har tidligere vært med på å gi ut tidsskriftet *lr*. Han debuterte i 2018 med *Seg til inkjes*, som han ble tildelt Tarjei Vesaas' debutantpris for. I høst er han aktuell med novellesamlingen *Nye nynorske noveller*. Svidal har også bidratt med tekster i flere norske antologier. Forfatteren skal nå i gang med et

barnebokprosjekt som er ønsket lansert i vår 2021, og en ny roman som skal etter planen gis ut høsten 2021. Svidsal har vist seg som en arbeidsom forfatter helt siden debuten.

Skal Svidsal kunne ferdigstille arbeidene kreves det frikjøp til skriving, noe som kan gjøres mulig ved å tildele ham et stipend.

Sandra Lillebø

Lillebø er forfatter, journalist og lyriker. Hun debuterte i 2011, med diktsamlingen *Navnet på den ensomme er friggitt*. I 2016 kom hennes andre diktsamling, *Alt skal skinne og blø*. Hun har i år skrevet sin første roman, som er blitt beskrevet både som personlig og rått i forholdet mellom en datter og en psykisk syk mor. Romanen forteller en sterkt fortelling som utfordrer leseren følelsesmessig og er svært klokt skrevet. Lillebø er en reflektert forfatter som jobber grundig med sine tekster, både innholdsmessig og språklig.

Lillebø bør absolutt få muligheten til å utviklet sitt talent som romanskriver, noe som vi kan gjøre mulig ved å tildele henne et av årets stipender.

Thomas Endresen har 20 års erfaring som lydmann innen filmfeltet. Som lydmann i Bergen må du kunne jobbe på alle type prosjekter, og erfaringen hans er formidabel. Han har jobbet som lyddesigner på alt fra kortfilmer, som den prisbelønnete *Sniffer*, dokumentarserien *Fjorden Cowboys*, og sist lydsjef på spillefilmen *Tunnelen*. Endresen vil bruke stipendet til å videreutvikle seg på eget fagfelt. Feltet er i en rivende utvikling, og det stilles store krav for å levere lyd til bla. tv-drama. Å kunne fordype seg i systemet 5.1 surround for film og tv er viktig. På grunn av Koronasituasjonen er to store prosjekter satt på vent og Endresen ønsker å benytte tiden til kompetanseutvikling på eget fagfelt. Dette er viktig for hele den profesjonelle filmbransjen på Vestlandet.

MUSIKK:

Hilde Anine Hasselberg

Hilde Hasselberg er utdanna songar ved Griegakademiet i Bergen. Hasselberg er ein allsidig musikal med eit sterkt scenisk uttrykk, musikalsk kreativitet og fleksibilitet innan ulike sjangrar frå opera til samtidsmusikk. I tillegg til solistoppdrag både i Norge og i utlandet har ho også hatt større roller både for Den Norske Opera og Bergen Nasjonale Opera. Hilde Hasselberg er tilknyttet Transiteatret i Bergen med fleire produksjonar på ma. Den Nationale Scene, Den Norske Opera, Nationaltheatret og Festspillene i Bergen. Hilde ynskjer å nytte stipendet til å kunne utvikle seg vidare som utøvar og arbeide med eigne prosjekt og turnear saman med andre dyktige vestlandsmusikarar.

Njål Paulsberg

Njål Paulsberg er ein dyktig produsent, keyboardist og musikal som har turnert og samarbeidd med ei rekkje artistar og band, ma. Aurora, Nathalie Nordnes, Put Your Hands Up for Neo-Tokyo og Young Dreams som han også fekk Spellemannprisen for med albumet «Between places» i 2014. Han driv med låtskriving, produksjon, innspeling og miksing av både eigen og andre sin musikk. Njål Paulsberg ynskjer å bruke stipendet til research, skriving, produksjon og framføring av musikk med bandet Evigheten, som er eit musikalsk spennande og ambisiøst prosjekt.

Snorre Bjerck

Snorre Bjerck er utdanna ved jazzlinja på NTNU på slagverk og har profilert seg som musikal og komponist i fleire tiår med internasjonal merksemd. Snorre Bjerck har fått Spellemannprisen heile 3 gonger og har medverka på omlag 40 studioinnspelinger så langt i karrieren. Han er særleg kjend for sitt samarbeid med musikarar på tvers av ulike sjangrar og kulturar. Stipendet skal nyttast til å komponere musikk i samband med ei innspeling på ECM til minne om den norske trommeslagaren Jon Christensen (1943-2020), med legendariske Manfred Eicher som produsent.

Thea Hjelmeland

Thea Hjelmeland er ein av dei mest kjende artistane på Vestlandet. Vokalisten og instrumentalisten frå Førde har hatt stor suksess med plateutgjevingane sine "Oh, the third", "Solar Plexus" og «Kulla» som alle har fått strålende kritikkar. Ho har også fått Spellemannsprisen og Vossjazzprisen. Thea Hjelmeland komponerer musikken og skriv tekstane sjølv, i tillegg til at ho også arrangerer og produserer. Hennar låtmateriale varierer frå det nære og intime til det utadvende og energiske, og er kjenneteikna av både catchy refreng og ikkje minst Thea si

traktering av mange ulike strengeinstrument. Thea ynskjer å nytte stipendet til instrumentalt fordjupningsarbeid for å utvikle seg vidare som musikal og artist.

Liste over søkjarane og søknadane er vedlagt saka, samt ei liste over dei som har fått tildelt kunstnarstipend i Hordaland og Sogn og Fjordane dei 3 siste åra.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i dei gjeldande regionale kulturplanane .

Konklusjon

Fylkesdirektøren stiller seg bak stipendkomiteane sine innstillingar og grunngjevingar.